



Det store innslaget av frukt var ein av plussfaktorane i frokosten i fjor

Det er mange høgdepunkter under Festidalen og det går framleis gjetord om laurdagsfrokosten som SPAR og Systrene Nilsen spanderte gratis i fjor. Dei som kom - og det var mange - var samde om at måltidet var av høg hotellstandard.

No er Bente Nilsen og Karoline Neset igang med planleggjinga av årets frukost og dei lovar uskedalen.no at han vert av minst like høg standard som i fjor.

- Men detaljane er ikkje klare førebels, det er jo 2 heile dagar til dette skal skje, seier SPAR-sjefen som fyllar opp lagra i butikken.

Det var ein rikhaldig frukost-buffet dei to institusjonane lokka med i fjor og det heile går føre seg frå klokka 10 til 12.

Fleire hundre var innom i fjor og fekk ein god start på festivaldagen. Ikkje minst var den yngre generasjon godt representert og vi merka oss at det kom mange også frå nabobygdene.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Thor Inge Døssland